



Sak nr D- Vår dato: Vår referanse:
01.10.2019 2012/1914-00024756/2019

Vår saksbehandlar: Direkte telefonnr.: Dykkar dato: Dykkar referanse:
Njål Gunnar Slettebø 53 42 31 32

Olje- og energidepartementet
POSTBOKS 8148 DEP
0033 OSLO

HØYRING- NVE SITT FORSLAG TIL EI NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND. HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ BØMLO KOMMUNE

—
Bømlo kommunestyre handsama NVE sitt høyringsforslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land i møte 30.09.2019 sak 73/19. Me sender med dette vedtaket, saksprotokoll og saksutgreiing over til Olje-og energidepartementet.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde **vedtak** i samsvar med innstillinga til formannskapet slik:

1. Bømlo kommunestyre viser til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft. Kommunestyret er godt nøgd med at Bømlo kommune ikkje er med i aktuelt område for vindkraftutbygging i Sunnhordland/Nord Rogaland. Kommunestyret viser til tidlegare vedtak som gjeld konsesjonssøknad frå Statskraft til Langevåg Vindpark og vindpark Rolfsnes på Bømlo. Kommunestyret er einig med NVE om at Bømlo kommune ikkje er eigna for vindkraftutbygging.
2. Når det gjeld utpeika område i nabokommunane Stord og Fitjar så er Bømlo kommune i mot ei ytterlegare vindmølleutbygging. Midtjellet vindpark i Fitjar dekker mykje av fjellområdet i nordenden av Stordøya. Resten av Stordfjellet er så viktig friluftsområde for heile regionen, også for oss på Bømlo, at her bør ein unngå fleire vindmøller. Kommunane Fitjar og Stord må difor takast ut av det framtidige vindkraftområde.
3. Bømlo kommune vil peike på potensiale som ligg i havvind og meiner at utvikling av framtidige vindkraftområde i hovudsak bør skje til havs.

Med helsing
Bømlo kommune

Njål Gunnar Slettebø
Landbrukssjef

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift



Dato: 28.06.2019
Arkivref: 2012/1914-17411/2019 / 000

Saksbehandlar: Njal Gunnar Slettebø
53 42 31 32
njal-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
64/19	Formannskapet	03.09.2019
73/19	Kommunestyret	30.09.2019

HØYRING- NVE SITT FORSLAG TIL EI NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bømlo kommunestyre viser til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft. Kommunestyret er godt nøgd med at Bømlo kommune ikkje er med i aktuelt område for vindkraftutbygging i Sunnhordland/Nord Rogaland. Kommunestyret viser til tidlegare vedtak som gjeld konsesjonssøknad frå Statskraft til Langevåg Vindpark og vindpark Rolfsnes på Bømlo. Kommunestyret er einig med NVE om at Bømlo kommune ikkje er eigna for vindkraftutbygging.
2. Når det gjeld utpeika område i nabokommunane Stord og Fitjar så er Bømlo kommune i mot ei ytterlegare vindmølleutbygging. Midtfjellet vindpark i Fitjar dekker mykje av fjellområdet i nordenden av Stordøya. Resten av Stordfjellet er så viktig friluftsområde for heile regionen, også for oss på Bømlo, at her bør ein unngå fleire vindmøller. Kommunane Fitjar og Stord må difor takast ut av det framtidige vindkraftområde.

Saksprotokoll i Formannskapet - 03.09.2019

Torunn Laurhammer (AP) la fram eit framlegg om eit nytt punkt tre slik:

Bømlo kommune vil peike på potensiale som ligg i havvind og meiner at utvikling av framtidige vindkraftområde i hovudsak bør skje til havs.

Votering:

Det vart røysta punktvis:

Punkt 1 og 2 vart vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 frå Torunn Laurhammer (AP) vart mot ei røyst vedteke. (Lars Kåre Katla (PDK)).

Innstilling:

Formannskapet **innstiller** slik overfor kommunestyret:

1. Bømlo kommunestyre viser til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft. Kommunestyret er godt nøgd med at Bømlo kommune ikkje er med i aktuelt område for vindkraftutbygging i Sunnhordland/Nord Rogaland. Kommunestyret viser til tidlegare vedtak som gjeld konsesjonssøknad frå Statskraft til Langevåg Vindpark og vindpark Rolfsnes på Bømlo. Kommunestyret er einig med NVE om at Bømlo kommune ikkje er eigna for vindkraftutbygging.
2. Når det gjeld utpeika område i nabokommunane Stord og Fitjar så er Bømlo kommune i mot ei ytterlegare vindmølleutbygging. Midtfjellet vindpark i Fitjar dekker mykje av fjellområdet i nordenden av Stordøya. Resten av Stordfjellet er så viktig friluftsområde for heile regionen, også for oss på Bømlo, at her bør ein unngå fleire vindmøller. Kommunane Fitjar og Stord må difor takast ut av det framtidige vindkraftområde.
3. Bømlo kommune vil peike på potensiale som ligg i havvind og meiner at utvikling av framtidige vindkraftområde i hovudsak bør skje til havs.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 30.09.2019

Dag Helge Hellen (FRP) bad om at det vart røysta over punkt 3 for seg.

Votering:

Punkt 1 og 2 vart samrøystes vedtekne.

Punkt 3 vart mot tre røyster vedteke. (2 FRP, 1 PDK)

Vedtak:

Kommunestyret gjorde **vedtak** i samsvar med innstillinga til formannskapet slik:

1. Bømlo kommunestyre viser til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft. Kommunestyret er godt nøgd med at Bømlo kommune ikkje er med i aktuelt område for vindkraftutbygging i Sunnhordland/Nord Rogaland. Kommunestyret viser til tidlegare vedtak som gjeld konsesjonssøknad frå Statskraft til Langevåg Vindpark og vindpark Rolfsnes på Bømlo. Kommunestyret er einig med NVE om at Bømlo kommune ikkje er eigna for vindkraftutbygging.
2. Når det gjeld utpeika område i nabokommunane Stord og Fitjar så er Bømlo kommune i mot ei ytterlegare vindmølleutbygging. Midtfjellet vindpark i Fitjar dekker mykje av fjellområdet i nordenden av Stordøya. Resten av Stordfjellet er så viktig friluftsområde for heile regionen, også for oss på Bømlo, at her bør ein unngå fleire vindmøller. Kommunane Fitjar og Stord må difor takast ut av det framtidige vindkraftområde.
3. Bømlo kommune vil peike på potensiale som ligg i havvind og meiner at utvikling av framtidige vindkraftområde i hovudsak bør skje til havs.

Dokument i saka:

- Høyringsbrev frå Olje- og energidepartementet datert 01.04.2019
- Brev frå Olje- og energidepartementet datert 12.04.2019
- Forslag til Nasjonal ramme for vindkraft datert 01.04.2019

Bakgrunn for saka:

Frå brevet til Olje- og energidepartementet tek me med:

Olje- og energidepartementet ga i brev av 9. februar 2017 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å lede et arbeid med å lage forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land. NVEs faglige forslag foreligger nå i form av en rapport datert 1. april 2019:

http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf. Forslaget inneholder et samlet kunnskapsgrunnlag om virkninger av vindkraft på land og et kart:

<https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme> med forslag til det NVE mener er de mest egnede områdene for lokalisering av ny vindkraft.

Arbeidet med en nasjonal ramme for vindkraft følger opp omtalen i energimeldingen (Meld. St. 25 (2015-2016)) som Stortinget sluttet seg til våren 2016 (Innst. 401 S (2015-2016)). I energimeldingen heter det bl.a. at "regjeringen vil legge til rette for en langsiktig utvikling av lønnsom vindkraft i Norge", og at "Olje- og energidepartementet vil utarbeide en nasjonal ramme for konsesjonsbehandling av vindkraft på land".

NVE har etablert et kunnskapsgrunnlag om virkninger av vindkraft. Det er publisert 21 temarapporter basert på en gjennomgang av norsk og internasjonal litteratur, erfaringer fra konsesjonsbehandling av vindkraftsaker og fra vindkraftverk i drift. Nasjonale fagmyndigheter og andre kunnskapsmiljøer innenfor de ulike temaene har deltatt i utarbeidelsen av rapportene. Dette er den mest omfattende kunnskapsgrunnleggingen som har vært gjort av miljø- og samfunnsvirkninger av vindkraftverk i Norge.

I NVEs forslag er det pekt ut 13 områder som direktoratet mener er de mest egnede for vindkraft på land i Norge. Også innenfor de utpekte områdene vil det være områder som ikke egner seg for vindkraft på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følge av mindre gode vindressurser. NVE har lagt vekt på unngå konflikter med viktige naturområder, og tatt betydelige hensyn til aktuelle tema, for eksempel friluftsliv, støy, fugle- og dyreliv, kulturminner og reindrift.

NVEs forslag er rettet inn mot fremtidige utbygginger av vindkraft. Det er allerede gitt konsesjon til nesten 23 TWh vindkraft i Norge. Av dette er i dag rundt 10 TWh i drift eller under utbygging. NVE har avslått omlag 60 prosent av alle innsendte vindkraftplaner.

Høringsfristen er satt til 1.oktober 2019.

Forslag til nasjonal ramme for vindkraft.

DEL E. DE MEST EGNEDE OMRÅDENE FOR VINDKRAFT

De 13 områdene som ligger inne i NVEs forslag er godt spredt i Norge, og berører alle fylker med unntak av Oslo, Akershus, Oppland og Troms. De samlede arealet til de foreslått utpekte områdene er 29 123 km². Alle områdene inneholder områder som er ekskludert, og som ikke skal

regnes med som en del av de utpekte områdene. Hvis vi trekker fra de ekskluderte arealene, er det samlede arealet 16 705 km².

Et generelt felles trekk er at de fleste områdene ligger mellom kyststripen og høyfjellet. Neste ingen av områdene ligger helt ute mot kysten, men i hei og lavfjellområdene innenfor.

Bakgrunnen for dette er blant annet Miljødirektoratets forslag til supplerende eksklusjoner, som har fjernet mange kyst- og fjellarealer på grunn av verdier knyttet til friluftsliv, landskap og naturmangfold. Dette reflekterer at konfliktpotensialet ved vindkraftutbygging ofte kan være større langs kysten og i høyfjellet enn i mellomliggende arealer.

51 Sunnhordland og Hauqalandet

Tysnes, Fitjar, Stord, Kvinherad, Etne, Vindafjord, Suldal, Tysvær og Bokn. Totalt areal: 2023 km². Eksisterende vindkraftverk: Midtfjellet Vindkraftverk(55 vindturbiner). Ubygde vindkraftverk med konsesjon: Tysvær vindkraftverk og Dalbygda vindkraftverk.



Hvorfor er området foreslått som et av de mest egnede?

Sunnhordland og Hauqalandet har gode produksjonsforhold for vindkraft, og er et av områdene vi har vurdert til å være mest egnet for ny produksjon i et kraftsystemperspektiv.

I det utpekte området er det samtidig mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knyttet til blant annet fugl, friluftsliv og bebyggelse. På tross av disse interessene framstår det utpekte området fra et nasjonalt perspektiv som et av de mest egnede områdene for ny vindkraftutbygging. I denne vurderingen har vi lagt mye vekt på de gode forutsetningene for nettilknytning.

I dette området er det ikke mange store områder som er aktuelle for vindkraftutbygging. De store vindkraftområdene er godt spredt, og det er mest aktuelt med små eller mellomstore vindkraft. I vest kan vindkraftverk bygges i lavereliggende områder, og det kan være mulig å bygge nær eksisterende infrastruktur. I den østlige og nordlige delen er det fjellområder som er mest aktuelle.

Beskrivelse av området

Området inkluderer arealer på Haugalandet og i Sunnhordland, mellom Boknafjorden i sør og Bjørnafjorden i nord. I nordøst grenser området til Folgefonna nasjonalpark. Landskapet er preget av dype fjorder, kulturlandskap, tettsteder og skogkleddes fjordsider. Det aller meste av området er sterkt preget av bruk, og kraftutbygging preger deler av fjellområdene. I Fitjar er det bygget et vindkraftverk på Midtfjellet, og det er gitt konsesjon til bygging av Tysvær og Dalbygda vindkraftverk i Tysvær.

Området består av den østre delen av analyseområde 16 og den vestre delen av analyseområde 15. I nord og sør følger avgrensningen de opprinnelige analyseområdene. I øst følger grensen eksklusjonsforslag fra Miljødirektoratet, i tillegg til at noen deler av det opprinnelige analyseområdet er utelatt på grunn av dårlige produksjonsforhold. I vest følger grensen i hovedsak eksklusjonsforslaget til Miljødirektoratet. Unntaket er lengst sør, der NVE ikke har tatt hele eksklusjonsforslaget til følge. Her er grensen satt på grunnlag av informasjonen om naturverdier i Miljødirektoratets eksklusjonsforslag, veid opp mot de gode produksjons- og nettforholdene i området.

Vurderingar:

I NVE sitt framlegg til ramme for vindkraft er det peika ut 13 områder som direktoratet meiner er dei mest eigna områda for vindkraft på land i Norge. Her er eit område i Sunnhordland og Nord Rogaland utpeika som eit aktuelt vindkraftområde. Bømlo kommune er ikkje med i det aktuelle vindkraftområde. Det er me godt nøgd med.

Bømlo kommunestyret handsama 09.10.2006 konsesjonssøknad frå Statskraft på etablering av Langevåg Vindpark i Bømlo. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om å rå frå konsesjonssøknaden.

Grunngjevinga for kommunestyret var i hovudsak følgjande forhold:

- Ein vindkraftpark vil same kva for lokalisering medføra store visuelle inngrep i naturen. Konflikt med klassisk naturvern. Og om synet til kulturminne og kulturmiljø synest i dette området ikkje å vera tilfredstillande ivareteke, jamfør dei merknader som er kome frå fylkesmannen si miljøavdeling og riksantikvaren.
- Eventuelle ulemper med støy frå vindkraftparken synest ikkje å vera tilfredstillande dokumentert. Det faktum at slike berekningar tek utgangspunkt i " årsmidlet døgnevind lydnivå" på maks 45 dB ved bustader vil kunna medføra eit reelt lydnivå i driftsperioden som vil overstiga dette.
- Dagens regelverk for økonomisk kompensasjon til kommunar som stiller området til disposisjon for vindkraftparker er ikkje tilfredstillande. Her må staten snarast få på plass eit regelverk som sikrar ein økonomisk kompensasjon til vindkraftkommunar på minst det nivå som gjeld for vindkraft- kommunar.
- Bømlo kommune stiller og spørsmål ved den samfunnsnytte som Langevåg vindpark vil kunna medføra.

NVE avslo Statskraft sin konsesjonssøknad for Langevåg vindpark 27.02.2007.

Seinare har Bømlo kommunestyre i møte 05.05.2008 sagt nei til Statskraft sine planar om vindmøllepark på Rolfsnes. Rådmannen er difor glad for at NVE no legg til grunn at Bømlo kommune ikkje er eigna til vindmøllepark.

Når det gjeld utpeika område i nabokommunane Stord og Fitjar så er me svært skeptisk til ytterlegare vindmølleutbygging. Me har vore i kontakt med nabokommunane Stord og Fitjar og drøfta saka. Midtfjellet vindpark i Fitjar dekker mykje av fjellområdet i nordenden av Stordøya. Resten av Stordfjellet er så viktig friluftsområde for heile regionen, også for oss på Bømlo, at her bør ein unngå fleire vindmøller. Kommunane Fitjar og Stord bør difor takast ut av dette framtidige vindkraftområde.

Oppsummering og konklusjon:

Norges vassdrags- og energidirektorat NVE har sendt på høyring framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land. I framlegget er det peika ut 13 område som direktoratet meiner er dei mest eigna for vindkraft. Kommunane Stord, Fitjar, Tysnes og Kvinherad er saman med kommunar i Nord Rogaland utpeika som eit aktuelt vindkraftområde.

Bømlo kommune er ikkje med i det aktuelle vindkraftområde. Bømlo kommunestyret sa samrøystes nei til konsesjon søknad om vindmøllepark i Langevåg i 2006 og til framlegget om vindpark på Rolfsnes i 2008. Rådmannen er glad for at også NVE no har kome fram til at Bømlo kommune ikkje er eigna til vindmøllepark.

Når det gjeld utpeika område i nabokommunane Stord og Fitjar så er rådmannen svært skeptisk til ytterlegare vindmølleutbygging. Midtfjellet vindpark i Fitjar dekker mykje av fjellområdet i nordenden av Stordøya. Resten av Stordfjellet er så viktig friluftsområde for heile regionen, også for oss på Bømlo, at her bør ein unngå fleire vindmøller. Kommunane Fitjar og Stord må difor takast ut av dette framtidige vindkraftområde.